



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	22/1019

BUDSJETT 2023 - VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Vedlagte saksdokument:

Vedlegg budsjett 2023
referat styremøte 14.11.22
Budsjett 2023 AO senter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2023 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.274.000. Kr 966.000,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 308.000,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF (AO-senteret) handsama budsjett 2023 i møte 14.11.2022.

AO-senteret sitt budsjett vert finansiert med tilskot frå NAV (tilskot til Varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd) og tilskot frå Vaksdal kommune.

Utover dette er det laga avtale mellom Vaksdal kommune og AO-senteret om gjennomføring av tiltak som vert finansiert av tilskot frå NAV (Varig lønstilskot) og tilskot frå Vaksdal kommune. Vaksdal kommune sin del vert dekkja av integreringstilskotet.

Det kommunale tilskotet er på same nivå i 2023 som i 2022.